



Meland kommune

Retningslinjer ved reiser

Mål og prinsipp

Retningslinjene skal sikre at tenestereiser i Meland kommune vert gjennomført på ein kostnadseffektiv, miljøvennleg og sikker måte. Alle som reiser for Meland kommune plikter å følgje retningslinjene.

1. Kjøp av reiser

Dersom det er inngått avtale om kjøp av reiser gjennom Innkjøpsordninga eller som sjølvstendig innkjøpsavtale mellom kommunen og leverandør, skal alle reiser bestillast gjennom denne leverandøren.

2. Økonomi

Reiser skal skje på billigaste og hurtigaste måte, ut frå ei samla vurdering der både transport, opphold og kostnader ved reisetid vert lagt til grunn. Det er eit ansvar både for den enkelte medarbeidar og for leiar å sikre at eit nøyternt kostnadsnivå vert oppretthalde. Full-flex-billettar/økonomi flex-billettar skal berre nyttast i særskilte høve og skal førehandsgodkjennast av nærmeste overordna. Årsak til at slike billett-typer er nytta skal skrivast på reiserekninga. Dersom det vert naudsyn å booke om ein billett og dette medfører ekstra kostnader, vert dette dekka av Meland kommune v/aktuelt tenesteområde. Årsak skal skrivast på reiserekninga. Det er ikkje høve til å tene opp bonuspoeng på tenestereiser.

3. Miljø

Meland kommune har ei målsetjing om å reise mest mogleg miljøvennleg. Alle som reiser på vegner av kommunen skal vurdere kor nødvendig reisa er, sett i eit kostnads- og miljøperspektiv. Det skal m.a. vurderast om ein videokonferanse eller telefonkonferanse kan erstatte det fysiske møtet. Vidare skal ein vurdere om det valde reisealternativet er det beste i lys av miljø. T.d. bør tog veljast framfor fly, og buss/bane framfor bil der det er mogleg, økonomisk forsvarleg og elles føremålstenleg.